

# **KONKURRANSEGRUNNLAG**

Open anbodskonkurranse  
etter del I og III i forskrifta

for anskaffing av

**Prosjektering utbetring Fv. 209 Foldnesvegen**

Saksnr. 2018/3006

## **Innhold**

<b>1</b>	<b>GENERELL SKILDRING .....</b>	<b>3</b>
1.1	OPPDAGSGIVAR .....	3
1.2	FORMÅLET MED ANSKAFFINGA.....	3
1.3	DELTILBOD.....	3
1.4	VIKTIGE DATOAR .....	3
<b>2</b>	<b>REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD .....</b>	<b>4</b>
2.1	ANSKAFFINGSPROSEODYRE.....	4
2.2	KRAV TIL LØNNS- OG ARBEIDSVILKÅR.....	4
2.3	SKATTEATTEST .....	4
2.4	TEIEPLIKT.....	5
2.5	VEDSTÅINGSFRIST .....	5
2.6	OPPDATERING AV KONKURRANSEGRUNNLAGET .....	5
2.7	TILLEGGSSOPPLYSNINGAR.....	5
<b>3</b>	<b>DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD).....</b>	<b>5</b>
3.1	GENERELT OM ESPD .....	5
3.2	NASJONALE AVVISINGSGRUNNAR .....	5
3.3	SAMLA OPPGIVING FOR ALLE KVALIFIKASJONSKRAV I ESPD-SKJEMAET .....	6
<b>4</b>	<b>KVALIFIKASJONSKRAV.....</b>	<b>6</b>
4.1	LEVERANDØREN SI REGISTRERING, AUTORISASJON MV.....	6
4.2	LEVERANDØREN SIN ØKONOMISKE OG FINANSIELLE KAPASITET .....	6
4.3	DEI TEKNISKE OG FAGLEGE KVALIFIKASJONANE TIL LEVERANDØREN .....	6
<b>5</b>	<b>TILDELINGSKRITERIUM.....</b>	<b>6</b>
5.1	EVALUERINGSMETODE .....	7
<b>6</b>	<b>INNLEVERING AV TILBOD OG TILBODSUTFORMING .....</b>	<b>7</b>
6.1	INNLEVERING AV TILBOD .....	7
6.2	UTFORMINGA AV TILBODET .....	7
<b>7</b>	<b>VEDLEGG .....</b>	<b>8</b>

# **1 GENERELL SKILDRING**

## **1.1 Oppdragsgiver**

Fjell kommune er oppdragsgiver. For meir informasjon, sjå [www.fjell.kommune.no](http://www.fjell.kommune.no).

Oppdragsgiver sin kontaktperson er:

<b>Namn:</b>	Torstein Fjeldet Lunde
<b>E-post</b>	<a href="mailto:torstein@odinprosjekt.no">torstein@odinprosjekt.no</a>

Eventuelle spørsmål skal rettast til kontaktpersonen gjennom kommunikasjonsmodulen i konkurransenumføringsverktøyet (KGV).

Det skal ikkje vere kontakt/kommunikasjon med andre personar hos oppdragsgiver når det gjeld anbodskonkurransen enn nemnde kontaktperson.

## **1.2 Formålet med anskaffinga**

Det skal prosjekterast i samband med utbetring av Fv 209 Foldnesvegen, omlag 840 m (kan kortast ned til 725 m om naudsynt).

Prosjekteringa skal gjerast etter Sa2-standard. Prosjektet omfattar 2 køyrefelt, gang- og sykkelveg, busstopp og sanering av avkjøyrslar. Det vil verte justeringar i forhold til reguleringsplanen, men ikkje utanfor plangrensa. I tillegg skal leidningsnett som går i luft ned i grøft. Av kjende leidningseigarar er BKK, med fiber, vegljos og høgspent, Telenor og Eltel.

Det skal også etablerast nye vass- og avlaupsleidningar for FjellVar, samt gjerast fjerning av gamalt anlegg.

All prosjektering skal godkjennast av Statens vegvesen.

Oppdraget skal gjerast etter medgått tid, etter NS 8402. Det skal utarbeidast honorarbudsjett i samsvar med NS 8402 pkt. 12.3.

Frist for ferdigstilling av prosjektering er 28. februar 2019.

Plankart ligg som vedlegg til kontrakten.

## **1.3 Deltilbod**

Det er ikkje høve til å gi tilbod på delar av oppdraget.

## **1.4 Viktige datoar**

Oppdragsgiver har lagt opp til slike tidsrammer for prosessen:

Aktivitet	Tidspunkt
Sendt Doffin/TED for kunngjering	19.09.2018
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	12.10.2018
<b>Frist for å levere tilbod</b>	<b>24.10.2018 kl. 12:00</b>
Evaluering	Veke 43-44
Val av leverandør og kunngjering til leverandørar	31.10.2018
Utløp av karensperiode	13.11.2018 kl. 08:00
Kontraktsinngåing	Veke 46
Vedståingsfrist for tilbodet	31.12.2018

Det blir gjort merksam på at tidspunkta etter opning av tilboda er førebelse. Ei eventuell forlenging av vedståingsfrist kan berre skje med samtykke frå leverandøren.

## 2 REGLAR FOR GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBOD

### 2.1 Anskaffingsprosedyre

Anskaffinga blir gjennomført i samsvar med lov 17. juni 2016 nr. 73 om offentlige anskaffelser (LOA) og forskrift 12. august 2016 nr. 974 om offentlige anskaffelser (FOA) del I og III. Kontraktstildeling vil bli gjort etter prosedyren open anbodskonkurranse, jf. FOA § 13-1(1).

I denne konkuransen er det ikkje høve til å forhandle. Det er følgjeleg ikkje høve til å endre tilbodet etter tilbodsfristen har gått ut. Vidare blir det gjort merksam på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta, skal avvisast etter forskrift om offentlige anskaffelser § 24-8 (1) b. Oppdragsgivar kan avvise tilbod som inneheld avvik frå anskaffingsdokumenta, uklare punkt eller liknande som ikkje må reknast som uvesentlege, jf. § 24-8(2) a i forskriften.

Leverandøren blir derfor på det sterkeste oppfordra til å følgje dei rettleiingane som blir gitt i dette konkurransegrunnlaget med vedlegg og eventuelt stille spørsmål ved uklare punkt.

### 2.2 Krav til lønns- og arbeidsvilkår

Kontrakten vil innehalde krav om lønns- og arbeidsvilkår, dokumentasjon og sanksjonar i samsvar med forskrift om lønns- og arbeidsvilkår av 8. februar 2008 nr. 112.

### 2.3 Skatteattest

Valde leverandør skal på førespurnad levere skatteattest for meirverdiavgift og skatteattest for skatt. Dette gjeld berre dersom valde leverandør er norsk.

Skatteattesten skal ikkje vere eldre enn 6 månader rekna frå fristen for å levere førespurnad om å delta i konkuransen eller tilbod.

Ved byggje- og anleggskontraktar skal også alle underleverandørar levere skatteattest.

## **2.4 Teieplikt**

Oppdragsgivar og tilsette der pliktar å hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningsforhold det vil vere av konkurransemessig verdi å halde hemmeleg, jf. FOA § 7-4 og, jf. forvaltningslova § 13.

## **2.5 Vedståingsfrist**

Leverandøren må vedstå seg tilbodet sitt til det tidspunktet som er angitt i pkt. 1.4 ovanfor.

## **2.6 Oppdatering av konkurransegrunnlaget**

Eventuelle rettingar, suppleringar eller endringar av konkurransegrunnlaget, og spørsmål og svar i anonymisert form, vil bli formidla til alle leverandørar gjennom konkurransegjennomføringsverktyet.

## **2.7 Tilleggsopplysningar**

Dersom leverandøren finn at konkurransegrunnlaget ikkje gir tilstrekkeleg rettleiing, kan han skriftleg be om tilleggsopplysningar hos oppdragsgivar ved oppdragsgivar sin kontaktperson.

Dersom det blir oppdaga feil i konkurransegrunnlaget, ber vi om at dette blir formidla skriftleg til oppdragsgivar sin kontaktperson.

# **3 DET EUROPEISKE EIGENERKLÆRINGSSKJEMAET (ESPD)**

## **3.1 Generelt om ESPD**

Som ein førebels dokumentasjon på oppfylling av kvalifikasjonskrav, at det ikkje ligg føre avvisingsgrunnar og eventuelt oppfylling av utveljingskriterium, skal leverandøren fylle ut vedlagde ESPD-skjema. Skjemaet skal leverast saman med tilbodet. Leverandøren som blir innstilt til kontraktsinngåing, må før kontrakt blir inngått dokumentere oppfylling av kvalifikasjonskrava i samsvar med dei opplyste dokumentasjonen.

## **3.2 Nasjonale avvisingsgrunnar**

I samsvar med ESPD del III: Avvisingsgrunnar, seksjon D: «Andre avvisingsgrunnar som er fastsette i den nasjonale lovgivinga i oppdragsgivaren sin medlemsstat» Dei norske anskaffingsreglane går lenger enn det som følgjer av avvisingsgrunnane angitt i EU-direktivet om offentlege anskaffingar og i standardskjemaet for ESPD. Det blir derfor presisert at i denne konkurransen gjeld også alle avvisingsgrunnane i § 24-2 i anskaffingsforskrifta, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane.

Følgjande av avvisingsgrunnane i anskaffingsforskrifta § 24-2 er reint nasjonale avvisingsgrunnar:

- §24-2(2). I denne føresegna er det angitt at oppdragsgivar skal avvise ein leverandør når han er kjent med at leverandøren er rettskraftig dømt eller har vedtatt eit førelegg for dei angitte strafflagde forholda. Kravet til at oppdragsgivar skal avvise leverandørar som har vedtatt førelegg for dei angitte strafflagde forholda, er eit særnorsk krav.
- 24-2(3) bokstav i. Avvisingsgrunnen i ESPD-skjemaet gjeld berre alvorlege feil i yrkesutøvinga, medan den norske avvisingsgrunnen også omfattar andre alvorlege feil som kan medføre tvil om den yrkesmessige integriteten til leverandøren.

### **3.3 Samla oppgiving for alle kvalifikasjonskrav i ESPD-skjemaet**

I denne konkurransen kan leverandørane i ESPD-skjemaet gi ei samla erklæring om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som kjem fram av dette konkurransegrunnlaget. Dette gjer ein i del IV seksjon a i ESPD-skjemaet.

## **4 KVALIFIKASJONSKRAV**

For å kunne få tilbodet sitt evaluert, må leverandøren fylle ut det elektroniske eigenerklæringsskjemaet om at han oppfyller alle dei kvalifikasjonskrava som er oppgitt nedanfor.

### **4.1 Leverandøren si registrering, autorisasjon mv.**

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal vere registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.	Norske selskap: Firmaattest Utanlandske selskap: Godtgjersle på at selskapet er registrert i eit føretaksregister, fagleg register eller eit handelsregister i den staten leverandøren er etablert.

### **4.2 Leverandøren sin økonomiske og finanzielle kapasitet**

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha tilstrekkeleg økonomisk og finansiell kapasitet til å kunne oppfylle kontrakten. Kredittverdigheit utan krav til å stille sikkerheit vil vere tilstrekkelig til å oppfylle kravet.	Kredittvurdering som baserer seg på siste kjende reknerekstal. Ratinga skal vere utført av kreditopplysningsverksemdu som har konsesjon til å drive slik verksemdu.

Dersom leverandøren har sakleg grunn til ikkje å leggje fram den dokumentasjonen oppdragsgivar har kravd, kan han dokumentere sin økonomiske og finanzielle kapasitet ved å leggje fram eitkvart anna dokument som oppdragsgivar ser som eigna.

### **4.3 Dei tekniske og faglege kvalifikasjonane til leverandøren**

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha erfaring frå oppdrag som kan samanliknast.	Skildring av leverandøren sine inntil 3 mest relevante oppdrag i løpet av dei siste 3 åra. Skildringa må inkludere opplysning om verdi, tidspunkt og mottakar (namn, telefon og e-post) av oppdraget. Det er leverandøren sitt ansvar å dokumentere relevans gjennom skildringa. Leverandøren kan dokumentere erfaringa ved å vise til kompetanse til personell han rår over og kan nytte til dette oppdraget, sjølv om erfaringa er opparbeidd medan personellet har utført teneste for ein annan leverandør.

## **5 TILDELINGSKRITERIUM**

Tildelinga skjer på basis av kva for eit tilbod som har det beste forholdet mellom kostnad og kvalitet, basert på desse kriteria:

Tildelingskriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
<b>Kostnad</b>  Under dette kriteriet vil ein vurdera totalkostnaden i honorarbudsjettet.	60 %	Utfylt honorarbudsjett, så del 2 vedlegg 2 Tilbodsskjema.
<b>Kompetanse og erfaring</b>  Dokumentert samla kompetanse og erfaring for teamet som vert tilbydd for gjennomføring av oppdraget.	40 %	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Oversikt over tilbydde dedikerte personar som inngår i teamet.</li> <li>• CV for tilbydde ressursar.</li> <li>• Relevante referanseoppdrag frå dei siste tre åra som dokumenterer teamet si relevante erfaring.</li> </ul>

## 5.1 Evalueringssmetode

Kostnad vil vurderast etter ein relativ modell der beste tilbod får score 10, medan andre tilbod får relativ score etter avvik frå beste tilbod.

Kompetanse og erfaring vert vurdert etter ein relativ modell der beste tilbydar får score 10, medan andre tilbod vert gitt trekk i poeng ut frå relative avvik frå beste tilbod.

# 6 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

## 6.1 Innlevering av tilbod

Tilbodet skal leverast via <https://permalink.mercell.com/91876948.aspx>.

## 6.2 Utforminga av tilbodet

Det blir bedd om at tilbodet blir utforma i samsvar med den disposisjonen som følgjer av dette konkurransegrunnlaget. Leverandør er sjølv ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt blir svarte på / belyste og dokumenterte i tilbodet.

Tilbodet skal utformast med denne disposisjonen:

- Tilbodsbrev signert av ansvarleg representant for leverandøren. Tilbodsbrevet må innehalde følgjande:
  - Ein aksept av vilkår i konkurransegrunnlaget og utkast til kontrakt og spesielle kontraktvilkår. Eventuelle etterhald må komme fram her og vere oppgitt i samsvar med dei reglane som er gitt om etterhald og avvik i dette konkurransegrunnlaget. Vidare må brevet innehalde namn og kontaktinformasjon til kontaktpersonen for leverandøren.
- Eigenerklæring om at leverandøren oppfyller alle kvalifikasjonskrav for deltaking i konkurransen.
- Forpliktningserklæring frå anna verksemد – Skal berre leverast dersom leverandøren støttar seg på kapasiteten til anna verksemد. Desse verksemđene må i tillegg levere separate eigenerklæringer (sjå forskrifta § 17-1(6)).

- Løysingsspesifikasjon frå leverandøren (Leverandøren sitt svar på kravspesifikasjon frå oppdragsgivar med etterspurt dokumentasjon – Vedlegg 2 i kontrakten)
- Utfylt prisvedlegg
- Eventuell annan informasjon du har etterspurt i samband med tildelingskriteria.

## 7 Vedlegg

- Del 1 Vedlegg 1 Mal tilbodsbrev
- Del 1 Vedlegg 2 Mal eigenerklæring taushetsplikt
- Del 1 Vedlegg 3 Mal tilbyders avvik
- Del 2 Avtaledokument til NS 8402
- Del 2 Vedlegg 1a Ytingsskildring
- Del 2 Vedlegg 1b Plankart
- Del 2 Vedlegg 2 Tilbodsskjema
- Del 2 Vedlegg 3 Faktureringsrutiner
- Del 2 Vedlegg 4 Endringer etter kontraktsinngåelse
- Del 2 Vedlegg 5 PRL-boka